



# Møteprotokoll

## Storfjorden kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 02.02.2021 kl. 17:20  
Møtestad: Digitalt møte  
Arkivsak: 19/00002

Til stades: Anne Lise Aambakk Karlsen, Jostein Dalen, Svein Runde, Kjell Arne Midtbust, Mariann Gundersen Døving, Øystein Arne Maraak, Ann Kristin Langeland, Svein-Erik Rimstad, Olav Løvoll, Petra Riste Synnes

Frammøtte  
varamedlemer:

Forfall:

Andre: Magne Eivind Glomnes

Protokollfører: Petra Riste Synnes

SAKSLISTE		Side
<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>		
<b>Godkjenning av protokoll</b>		
<b>Saker til behandling</b>		
<a href="#">1/21</a>	Budsjett 2021	2
<a href="#">2/21</a>	Verksemdplan 2021	3
<a href="#">3/21</a>	Oppretting av giverteneste til trusopplæring i fellesrådet	3
<a href="#">4/21</a>	Kyrkjeblad for alle sokna i Storfjorden kyrkjelege fellesråd	4
<b>Orienteringssaker</b>		
<b>Eventuelt</b>		

Sted, 11.03.2021

Anne Lise Aambakk Karlsen  
leiar

Petra Riste Synnes  
sekretær

## **Godkjenning av innkalling og saksliste**

Godkjend utan merknader.

## **Godkjenning av protokoll**

Protokoll møte den 09.11.20 er godkjend.

## **Saker til behandling**

### **1/21 Budsjett 2021**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Storfjorden kyrkjelege fellesråd	02.02.2021	1/21

### **Forslag til vedtak**

Storfjorden kyrkjelege fellesråd vedtek budsjett for 2021 slik det ligg føre.

### **Møtebehandling i Storfjorden kyrkjelege fellesråd 02.02.2021:**

Fellesrådet drøfta særleg prioriteringane i investeringsbudsjettet pga. statsstønad til Stranda og Geiranger kyrkjer til utskifting av røromnar og til klimaskallbehandling for Stranda kyrkje. Det lave tilskotet i investeringsmidlar frå kommunane, på kr. 400.000 frå kvar, så tvingar desse prosjekta til å prioritere bort andre viktige tiltak i desse og i andre kyrkjer.

Administrasjonen vil jobbe for å skaffe meir inntekter til eigenandelen på 40% for desse prosjekta med statlege midlar. Kan ein innhente meir midlar så vil ein ha høve til å lege inn att tiltak som er teke ut.

Fellesrådet la inn i driftsbudsjettet på avdeling 43, kr. 50.000,- til tiltak i høve omregulering av kyrkjegarden ved Sunnylvn kyrkje. Dette vil ein bruke av fondsmidlar avsett til kyrkjegardar.

### **Storfjorden kyrkjelege fellesråds vedtak**

Storfjorden kyrkjelege fellesråd vedtek budsjett for 2021 slik det ligg føre og med dei endringar som kom fram i møtet.

## 2/21 Verksemdplan 2021

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Storfjorden kyrkjelege fellesråd	02.02.2021	2/21

### Forslag til vedtak

Storfjorden kyrkjelege fellesråd vedtek verksemdplan for fellesrådet sitt arbeid for 2021

### Møtebehandling i Storfjorden kyrkjelege fellesråd 02.02.2021:

Fellesrådet gjekk gjennom verksemdplanen, og kom med forslag på endringar til avsnittet «Grunnlag» på s. 2 og til avsnittet «Arbeidet i sokna» på s. 5, og «Administrasjon» s. 6 og tillegg under Årshjulet s. 10. Endringane er lagt inn i planen.

### Storfjorden kyrkjelege fellesråds vedtak

Storfjorden kyrkjelege fellesråd vedtek verksemdplan for fellesrådet sitt arbeid for 2021

## 3/21 Oppretting av giverteneste til trusopplæring i fellesrådet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Storfjorden kyrkjelege fellesråd	02.02.2021	3/21

### Forslag til vedtak

Storfjorden kyrkjelege fellesråd går inn for å opprette fast gjevarteneste i løpet av 2021, for at trusopplæringa og kyrkjelydsarbeidet kan ha ein solid og berekraftig økonomi. Fellesrådet oppmodar sokneråda til å bidra til å skaffe gjevvarar og midlar til gjevartenesta.

### Møtebehandling i Storfjorden kyrkjelege fellesråd 02.02.2021:

Fellesrådet var oppteken av at vi må skape motivasjon for gjevarteneste, at det må vere konkret kva gjevarar får att for pengene ein gir. At ein synleggjer aktivitetar og kva ein eventuelt vil få meir av i trusopplæringa ved ei gjevarteneste? Sokneråda får forelagt saka.

### **Storfjorden kyrkjelege fellesråds vedtak**

Storfjorden kyrkjelege fellesråd går inn for å opprette fast gjevarteneste i løpet av 2021, for at trusopplæringa og kyrkjelydsarbeidet kan ha ein solid og berekraftig økonomi. Fellesrådet oppmodar sokneråda til å bidra til å skaffe gjevarar og midlar til gjevartenesta.

### **4/21 Kyrkjeblad for alle sokna i Storfjorden kyrkjelege fellesråd**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Storfjorden kyrkjelege fellesråd	02.02.2021	4/21

### **Forslag til vedtak**

Storfjorden kyrkjelege fellesråd støttar prosjektet eit felles kyrkjelydsblad for alle sokna, og vil garantere for kostnadane til dei første eksemplara, til ein får inntekter til bladet.

### **Møtebehandling i Storfjorden kyrkjelege fellesråd 02.02.2021:**

Fellesrådet stilte spørsmål til ressursbruken ved å lage eit kyrkjeblad, og om det vil gå utover mellom anna trusopplæringsarbeidet. Positivt at det vil vere einaste bladet som vil dekkje alle bygdene i fellesrådet sitt område.

### **Storfjorden kyrkjelege fellesråds vedtak**

Storfjorden kyrkjelege fellesråd støttar prosjektet eit felles kyrkjelydsblad for alle sokna, og vil garantere for kostnadane til dei første eksemplara, til ein får inntekter til bladet.

## **Orienteringssaker**

- Ann Kristin Langeland orienterte frå arbeidet med Prosjektet ny kyrkjeleg organisasjon. Ann Kristin leiar arbeidsgruppe om kyrkja og kommunane.
- Kyrkjeverja: To nye tilsetjingar ved nyttår: Trusopplærar i 70% stilling og kyrkjetenar i Stordal kyrkje i 20% stilling. Brannvernrunde i kyrkjene i Stranda kommune i løpet av februar.
- Prosten: Status ad. prestesituasjonen i området.
- Høyringar som ikkje vert lagt fram for fellesrådet pga korte frista. Det gjeld strategiplanar for både Dnk og KA.
- Tilhørige er ikkje ein medlemskategori i Dnk frå 2021. I Fellesrådet utgjer desse 47 barn og unge. Melding at barna vil delta på trusopplæringstiltak er gitt for 2 barn.

**Fellesrådet tok orienteringane til vitande.**